



(Foto: Ola Matti Mathisen)

Spar-kundane i Uskedalen fekk ei stor overrasking tirsdag førmiddag. Dei vart frista med nysteikte bakarvarar utan å måtte gå vegen om kassa. Det var resultatet av eit kurs i regi av Kjøpmannshuset og deltakarane var Spar-tilsette med ansvar for bakarvarar i kommunane Kvinnherad, Stord, Fitjar og Tysnes.

- Det er småvarer som står på programmet i dag og vi har fleire nye produkt, som tvillingbollar, draumbollar, og pistasjebollar, fortalde konsulent Monica Aasen frå Kjøpmannshuset.

Også opplæringsleiar Cecilie Klaveness og konsulent Tore Magnussen frå Bakers Martens var med og desse satt på 'skulebenken': Jan-Ove Sagenes frå Adland, Eli Nøstdal Horn frå Haga, Kirsten Eskeland frå Adna, Anna Landa frå Sæbøvik, Ann-Synnøve Forland frå Tysnes, Randi Selle frå Valen, Linda Leirvik frå Valen, Arne Bjørnevik frå Sæbøvik, Frøydis Nilsen frå Uskedalen og Marianne Hellandvik frå Fitjar.